UTDANNINGS FORBUNDET

Vår dato	Deres dato	Vår referanse	Vår saksbehandler
03.12.2024		24/00569-6	Sabine Exner
Avdeling	**Deres referanse**	**Arkivkode**	**Direkte telefon**
Utdanningsforbundet Vestland		62	48053040

Vestland fylkeskommune - politisk nivå

Budsjett i VLFK 2025 - uttale frå Utdanningsforbundet Vestland

Det er uro knytt til den økonomiske situasjonen for fylkeskommunane i heile landet, og Vestland er ikkje noko unntak. Det er knapt med ressursar på skulane, og leiarmedlemmane våre fortel oss at situasjonen har forverra seg dei siste åra. Fleire skular slit med å halde seg innanfor budsjettramma.

Utdanningsforbundet Vestland ser positivt på at fleirtalspartia med årets budsjettforslag viser vilje til å satse på vidaregåande opplæring. Vi helsar velkomen reverseringa av kuttforslaga frå administrasjonen og ei utviding av rammene. Vi er glade for å finne att fleire tiltak som vi gjennom året har spelt inn, både til politisk og administrativt nivå.

Vi har følgande kommentarar til forslaga i det framlagde budsjettet for 2025:

- **Å halde seg til den vedtekne planen for opplæring**

  Elevar og tilsette ved den vidaregåande skulen har lagt bak seg eit krevjande år. Saka om den heilskaplege tilbodsstrukturen har skapt mykje usikkerheit, men ho har også motivert elevar, føresette, skulefolk og bygder til å slå ring om skulane.

  Vi set vår lit til at fylkespolitikarane sørgjer for å halde seg til den vedtekne og langsiktige planen for opplæring og at det ikkje blir lagt opp til omkampar. Det skulen treng no, er arbeidsro til å fokusere på kjerneoppgåvene sine: å gje god opplæring til elevar og lærlingar.

- **Inkludering og fullføring**

  Å hindre fråfall og utanforskap er ei av dei viktigaste oppgåvene til skulen. Det er dessverre *for* mange ungdomar som fell mellom stolane og ikkje fullfører utdanningsløpet. Ein målretta innsats i skulen vil betale seg på mange måtar i ungdommen si vidare karriere. Vi vil også understreke kor viktig det er å styrke vaksenopplæringa. Fullføringsretten gjeld for alle, uansett alder.

Postadresse
Postboks 1818 Nordnes
5816 BERGEN

Besøksadresse

E-post/Internett
vestland@utdanningsforbundet.no

Tlf. + 47
Org.nr. 985933170

Medlemmane våre fortel om utfordringar med å tilpasse undervisninga i store grupper. Ei eventuell stykkprisfinansiering og fjerning av oppflyttingsretten kan føre til store klassar, noko som vi fryktar vil føre til at færre fullfører opplæringsløpet.

Vi håpar at tiltaket med gratis skulefrukost fortset. Den verkar motiverande på elevane og kan i mange tilfelle sjåast som eit ledd i arbeidet med inkludering.

- **Fagskulen**

  Utdanningsforbundet Vestland ynskjer å reversere utfasinga av det fylkeskommunale tilskotet. Fagskulen i Vestland tilbyr praksisretta og korte utdanningsløp som er skreddarsydd behovet for fagarbeidarar. At flest mogeleg kompetente fagarbeidarar vert løfta opp til ei fagskulegrad, er noko av det meir berekraftige vi kan gjere for at næringslivet i Vestland skal kunne møte utfordringane i tida framover.

- **Særskilt språkopplæring**

  Medlemmane våre melder om store utfordringar knytt til manglande språkkunnskapar blant elevar og lærlingar. Vi vil understreke at dette ikkje berre gjeld ukrainarar. Vi støttar satsinga på særskilt språkopplæring, men ho må vere tilgjengeleg for alle som treng det, utan at nokre grupper blir prioriterte over andre. I tillegg til språkopplæring er det i mange tilfelle også behov for auka fagleg oppfølging av lærestoffet.

- **Utstyr på yrkesfag**

  Vi har ved fleire høve peika på det prekære behovet for utstyr på yrkesfag. Her har vi eit etterslep, og vi håpar at satsinga vil bidra til å lette situasjonen ute på skulane.

Med venleg helsing

Steinar Strømsli
Leiar Utdanningsforbundet Vestland

Sabine Exner
Leiar medlemsgruppe VGO og fagskule

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur.